

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)
v/ Jakob Fjellanger
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 20.11.2012

Høyrings svar frå Naturvernforbundet Hordaland til melding om overføring av Vaksdalsvassdraget til Samnanger.

Samandrag av saksopplysningane

BKK planlegg overføring av storparten (14 km²) av Vaksdalsvassdraget i Vaksdal kommune til Samnanger for å auka kapasiteten på sine egne installasjonar der med 52.3 GWh. Overføringa vil skje ved til saman 6 000 meter med tunnellar til bekkeinntak ved Herfangen. Det er lagt fram to alternativ for tilkomst til området, alternativ A frå Samnanger med ein 5.4 km lang veg opp gjennom Herfangsgjelet til Herfangen og alternativ B med ein 5.5 km lang veg frå Herfendal opp til Fossavatnet, der det skal vera samlemagasin for alt vatnet frå dei to sidevassdraga Ardal – Herfendal og Sædal – Steinsedalen. Dei 180 000 m³ med massar frå tunnelbygginga vil bli deponert ved Fossavatnet og ved Herfangen.

Hydrologi og geologi

Det fins i dag to eldre småkraftverk i Vaksdalsvassdraget (Ardal og Møllen) og eit tredje (Herfendal kraftverk) er under planlegging. Den omsøkte overføringa til Samnanger vil ta vatnet frå Herfendal kraftverk og sterkt redusera kapasiteten til dei to eksisterande småkraftverka. Restvassføringa vil auka frå minstevassføring, dvs. 5% av normalvassføring like nedanfor inntaket av sideelvane frå Sædalen, Herfendalen og Budalen til 57% nede ved fjorden, på grunn av tilsig frå uregulerte sidebekker. På grunn av dumping av fyllmassar i Fossavatnet vil vasskvaliteten nedanfor bli negativt påverka.

Det planlagte inngrepet vil redusera flaumtoppane og endra den naturlege årsvariasjonen i vassføringa. Der sideelvane frå Budalen og Austmannagjelet renn ut i Herfendalen, er det ei slette (Lonane) der elva renn stilt. Frå andre vassdrag veit vi at enkelte plantesamfunn er avhengige av årleg tilførsel av skredmateriale ved flaum, og den planlagde utbygginga vil verka negativt inn på desse – noko som og er nemnt i meldinga under "Naturmiljø" der det står: *"I de slakere delene hvor vegetasjonen er tilpasset sesongavhengige oversvømmelser, kan en redusert vannføring føre til endringer i vegetasjonsbildet."* NVH stiller seg derfor sterkt kritisk til påstanden på side 22 om at *"—fraføring av vann fra Sædalen og Herfendalen vil i liten grad påvirke elvens evne til transport av løsmasser da hyppigheten og størrelsen på de store flommene endres marginalt."*

Naturmiljø

Det går fram av meldinga at det er store naturverdiar som vil bli påverka ved bortføring av vatn frå Herfendalen og i mindre grad Sædalen. Blant anna er det påvist hekkande fossefall, ein fugleart som er avhengig av rennande vatn. Raudlisteartane gråspett, kvitryggspett og dvergspett hekkar i området, i tillegg er det observert både kongeørn og hønschauk i Herfendalen. I tillegg er det observert sporvehauk og flaggspett. Her er ein rik vegetasjon med til dels eldre skog av alm, hegg, osp, selje, rogn og bjørk, som saman med førekomsten av dei trebuande spetteartane tyder på eit rikt naturmangfald også av mose, lav og insekt, og plante- og dyreartar som er avhengige av rennande vatn. Gjennom dette sårbare området er det etter alternativ B planlagt ein 5.5 km lang anleggsveg opp til Fossavatnet, dette vil etter NVH si mening representera eit uakseptabelt inngrep i naturmiljøet, i tillegg til bortfallet av vatn. Dette blir også påpeika i meldinga, særleg med tanke på elvekantskogen langs dei stiltflytande partia og i fossesprøytonene i dei brattare delene av Austmannagjelet og Budalen, og i elva som renn ut av Fossavatnet med fossen som har gitt vatnet namn. Også langs Ardalselva lenger nede der vatnet renn stillare, vil kantvegetasjonen bli påverka negativt.

Fiske og friluftsliv, kulturminne og inngrepsfrie område (INON)

I deler av vassdraget (Ardalen) er det eit eldre småkraftverk som påverkar fiskebestanden (aure) i nokon grad, men i Sædalen er det ein rik aurebestand som gir grunnlag for sportsfiske. Også vatna oppe på fjellet er fiskerike. Dette vil falla bort eller bli sterkt redusert ved utbygginga.

Ein stor del av lokalsamfunnet Vaksdal har hytter i fjellet rundt Fossavatnet og Flatavatnet og bruker det som turområde både sommar og vinter. Bergen Turlag har hytte på Høgabu, nordaust for Herfangen og planlegg ei ny hytte nær Herfangen, og det går tursti opp dit både frå Vaksdalsida og Samnangersida. Naturopplevinga langs desse løypene vil bli sterkt forringa ved utbygginga, både ved vassdragsregulering, massedeponi (ved Fossavatnet og Herfangsgjelet) og vegbygging. Desse inngrepa skjær for ein stor del i tidlegare inngrepsfrie område, slik som øvre delen av Herfendalen og Budalen, Sædalen og Herfangsgjelet, som dermed blir kraftig redusert. Dette blir det og peika på i meldinga.

Frå Kvitingen på Samnangersida går det ein gamal militærveg opp gjennom Herfangsgjelet og vidare nordover i retning Bergsdalen. Denne vegen, som også er ei av turløypene til Høgabu, er eit viktig kulturminne, som vil bli sterkt påverka og delvis rasert av den planlagde 5.4 km lange anleggsvegen etter alternativ A opp til tunnelpåhogget sør for Herfangen, og av det planlagde massedeponiet der.

Det fins fleire stølar i området rundt Fossa- og Flatavatnet, og det er registrert gravhaugar og andre spor etter tidlegare bruk av området, men det er ikkje gjort systematiske arkeologiske undersøkingar. Dette bør koma med som ein del av grunnlaget for konsekvensvurderinga.

Samfunnsmessige konsekvensar

Som nemnt er fjellet rundt vassdraget og dalføra opp dit flittig brukt av folk frå tettstaden Vaksdal, og av turlagsfolk frå Bergen til rekreasjon og fiske. I tillegg er det nokre gardsbruk i Sædalen og Herfendalen som vil bli påverka, til dømes ved redusert grunnvatn og auka fare for forureining, også av drikkevasskjelder. I meldinga er også

nemnt bekker og sideelvar sin funksjon som ”gjerde” mellom ulike beitemarker og slåtteteigar. Det står såleis på side 27: *”Dersom vannføringen i elvene ikkje lengre fungerer som selvgjerde, vil tilsynsarbeidet endres radikalt og dette vil i de fleste tildelle føre til merarbeid for dyreeierne. Det kan og tenkes at det blir vanskeligere for dyrene å finne vann i tørre perioder. Dette må undersøkjes nærmere.”* I området, særleg Sædalen er det mykje sauehald og landskapet ber preg av beiting.

I det heile vil utbygginga medføra store ulemper og få fordeler for lokalsamfunnet Vaksdal, noko som også kom tydeleg fram på folkemøtet på Vaksdal 14. oktober (sjå vedlegg), der representantar for både kommunen, BKK og Bergen Turlag var til stades. I tillegg til dei nemnte ulempene på naturmiljø og friluftsliv vil utbygginga også ta vatnet frå dei to eldre og det nyleg planlagte småkraftverket i Vaksdalsvassdraget.

Samla belastning og konklusjon

I vurderinga av sumverknader i meldinga er det berre vurdert korleis utbygginga vil påverka ”landskapets karakter”, utan å nemna alle dei negative konsekvensane for naturmangfald, fiske og friluftsliv som er påpeika tidlegare i meldinga. Dette svekker tilliten til meldinga. Naturvernforbundet Hordaland vil påpeika at både Vaksdal kommune og Samnanger kommune – i tillegg til Kvam herad – frå før er hardt utsett for kraftutbyggingar, der BKK står for det meste. NVH meiner at BKK, som ein stor aktør i kraftmarknaden, bør visa litt moderasjon, og at dei siste planane for overføring av Øystese- og Vaksdalvassdraga til Samnanger i eit stort takrenneprosjekt, ikkje tyder på det. NVH går imot BKK si utbygging av Vaksdalsvassdraget fordi vi alt no, med dei opplysningane som kjem fram i meldinga, kan slå fast at ulempene langt overstig fordelene ved utbygginga, og at det blir gjort uboteleg skade på naturverdiane i eit viktig referansevassdrag i ein region av Hordaland som frå før er hardt utsett for kraftutbygging.

Med venleg helsing
for Naturvernforbundet Hordaland

Signe Sandberg
leiar

Oddvar Skre
sakbehandlar

Kopi til

- Miljøverndepartementet, 8013 Dep, 0030 Oslo
- Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo
- Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavinga, Postboks 7310, 5020 Bergen

